



MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 31 okt, kl. 09:00 – 14:00
Stad: Hemsedal, Fossheim hotel

**REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL**

Desse møtte frå Regionrådet:

Erik Kaupang,	Hol kommune
Torleif Dalseide,	Ål kommune
Kåre Olav Solhjell,	Gol kommune
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Geir Olav Brøto,	Nes kommune
Tor Egil Buøyen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Dag Stenersen og regionkontakt Terje Moen.

SAK 60/08 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 14.10.2008

Vedtak

Møteprotokoll 14.oktober 2008 vart vedteke.

SAK 61/08 SØKNAD OM STØTTE TIL ÅRLEG UNGDOMSRÅDSKONFERANSE I HALLINGDAL

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 25.000 til ungdomsrådskonferansen for 2009. Midlane blir teke frå avsette midlar til Strategisk plan 2008.
2. Med bakgrunn i evaluering av ungdomsrådskonferansen 2009 vil Regionrådet vurdere om det bør gjevast støtte til ei årleg ungdomsrådskonferanse for Hallingdal.

SAK 62/08 SØKNAD OM STØTTE TIL MUSIKALEN OLIVER

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 60.000 til støtte til musikalen Oliver. Tilskotet blir finansiert av parterskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2008. Regionrådet ser det som svært positivt at Tapas med oppsetjinga set fokus på barnearbeid, og at ein del av billettinntektene går til UNICEF.

SAK 63/08 FORSLAG TIL JUSTERING AV ORGANISERINGA FOR PROSJEKTET KNYTT TIL ATTGROING OG UTSIKTSRYDDING.

Vedtak

1. Pkt. 5 i vedtak, sak 49/08 blir endra til: Regionrådet for Hallingdal tek på seg ansvaret for gjennomføring av prosjektet "Utsiktsrydding Hallingdal".
2. Det er ein føresetnad at hovudprosjektet til Buskerud fylkeskommune "Et åpnere Buskerud" er ein aktiv bidragsytar inn i pilotprosjekta. Regionrådet for Hallingdal er innstilt på å løyve inntil 1/3 av kostandane i fyrste fase, med ei øvre ramme på kr. 500.000.

3. Styringsgruppe for prosjektet skal vera samansett med representantar frå:

- Regionrådet for Hallingdal
- Statens vegvesen
- Buskerud fylkeskommune
- Hallingdal Reiseliv
- Grunneigarane ved Hallingdal Skogeierlag

Gerd Eli Berge vart valt som representant for Regionrådet for Hallingdal med Olaug Grønseth Granli som vararepresentant.

4. Prosjektgruppe/arbeidsgruppe for prosjektet skal vera samansett med:

- Kommunane i Hallingdal ved skogbruksjef eller tilsvarande
- Statens vegvesen
- Hallingdal Reiseliv
- Trafikktryggleik Hallingdal

5. Dagleg leiar får ansvaret for å engasjere prosjektleiar i inntil 20% stilling.

SAK 64/08 INFORMASJON OM VARDAR, VED STYRELEIAR TOR OTTAR KARLSEN

Styreleiar i Vardar, Tor Ottar Karlsen, informerte om Vardar, med vekt på selskapsstruktur, strategiske vegval, aktuelle prosjekt og Vardar sin rolle i ei bærekraftig utvikling.

Alle kommunane i Hallingdal eig i dag B-aksjar i Vardar og Tor Ottar Karlsen skisserte kva mogelegheiter det er for framtidig eigarskap?

Presentasjon er lagt ved møtebok.

SAK 65/08 STRATEGISK PLAN, VIDARE DRØFTING MED BAKGRUNN I INNSPEL PÅ HALLINGTINGET 26.9.2008 OG REGIONRÅDSMØTE 14.10.2008

Med bakgrunn i Hallingtinget si sak 07-08 handlingsprogram Strategisk plan, starta Regionrådet i sak 58/08, drøftingar om prioriteringar i forhold til Strategisk plan, med vekt på 2009. Regionrådet heldt fram med drøftingane, som dagleg leiar samanfattar til eit samla forslag til neste møte.

SAK 66/08 PARTNARKAPSAVTALE MED BUSKERUD FYLKESKOMMUNE , ENDRING AV MODELL?

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal er svært nøgd med ordninga med partnarksapsavtala mellom Buskerud fylkeskommune og Regionrådet for Hallingdal, noko som og er tydeliggjort gjennom den evaluering som vart utført i 2007.
2. Regionrådet stiller seg noko undrande til den interne prosessen i fylkeskommunen, der den eine parten i partnarskapet no har kome fram til to aktuelle modellar for det vidare partnarskapet. Regionrådet for Hallingdal ynskjer å sjå på partnarskapet som ein prosess og ei avtale mellom to likeverdige partar.
3. Regionrådet for Hallingdal meiner at følgjande prinsipp må leggast til grunn i det vidare partnarskapet, uavhengig av modell:
 - a. Som hovudregel skal fylkeskommunale og/eller regionale planar ligge til grunn for tildeling av midlar.

- b. Tiltak som det blir løyvd midlar til skal vera av regional interesse (kommuneoverskridande).
 - c. Prosjekt skal som hovudregel vera finansiert med minst 50 % lokal finansiering.
 - d. 20% av årleg tildeling skal lysast ut og kan nyttast til mindre tiltak.
 - e. 80% av årleg tildeling skal nyttast til større prosjekt basert på pkt. 3.a, minimum total kostnadsramme kr. 500.000.
4. Ut frå ein partnarskapstankegang bør Regionrådet og fylkeskommunen sine to politikarar har avgjerdsmynde i forhold til løyingar.

SAK 67/08 INDEKSREGULERING AV KOMMUNALT TILSKOT TIL HALLINGDAL MUSEUM

Regionrådet for Hallingdal har i tillegg til kommunane fått søknad om indeksregulering av dei kommunale tilskota til Hallingdal Museum.

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal vurderar det som rett at søknad om indeksregulering av dei kommunale tilskota til Hallingdal Museum, må handsamast av den einskilde kommune, eventuelt at Rådmannsutvalet vurderar ei felles sak.

Regionrådet beklagar at saka ikkje er handsama tidlegare.

SAK 68/09 INVITASJON TIL MØTE MED NÆRINGSAKTØRAR

Med bakgrunn i drøftingar om handlingsprogram til Strategisk plan for Hallingdal vil Regionrådet ta initiativ til eit innleiande møte med aktuelle næringssamanslutningar i Hallingdal.

Aktuelle tema i eit fyrste møte vil vera:

- Samarbeid mellom dei ulike næringsorganisasjonane
- Samarbeid mellom Regionrådet og dei ulike næringssaktørane
- Verkemiddelapparatet

Vedtak

Dagleg leiar får i oppdrag å invitere til eit innleiande møte med følgjande næringssamanslutningar:

- HallingExpo
- Hallingdal Etablerarsenter
- Hallingdal Reiseliv
- Hallingdal Næringshage

Ål 8.11.2008

Knut Arne Gurigard
Regionrådet for Hallingdal
Dagleg leiar

Vedlegg: Presentasjon sak 64/08, informasjon om Vardar, ved styreleiar Tor Ottar Karlsen